



Statens Vegvesen, Region Vest

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/770 - 15/5448

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

12.05.2015

Dispensasjonssak gbnr 79/21 Tjore Nedre - tomannsbustad - søknad om dispensasjon frå rekkeføljekrav i reguleringsplan - oversending for uttale

Ingeniør Taule AS har den 30.04.15, på vegne av eigar av gnr. 79 bnr. 21 i Radøy kommune, søkt dispensasjon frå rekkeføljekrav i reguleringsplan. Rekkeføljekrava gjeld opparbeiding av offentleg og privat infrastruktur. Tiltaket er tomannsbustad.

Ein dispensasjon i saka vil medføre utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Øvre Austmarka til fylkesveg 565. Avkjørsle kjem ut i 60-sona sør for Sæbø skule.

Radøy kommune ber om uttale får Statens vegvesen i saka før søknad om dispensasjon vert handsama. Av omsyn til å kunne handsame saka i siste politiske møte før sumaren vonar kommunen Statens vegvesen har høve til å gje uttale i saka innan 1. juni 2015.

Planstatus og rekkeføljekrav

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Austmarka Øvre, plan.id. 12602010000100 er definert som område for bustad .

Det er rekkeføljekrav for opparbeiding av offentleg og privat infrastruktur i planen, her under ny avkjørsle til fylkesveg 565:

4.1 Offentlege køyrevegar og gangvegar/fortau, undergang og busshaldeplassar i planområdet skal vera dimensjonert som vist i planen og skal vera på plass før det vert gjeve igangsettingsløyve til bustadar i feltet.

2.3.16 Frisiktsoner skal opparbeidast samstundes med dei tekniske anlegga (veg, vatn og avlaup).

2.3.17 Offentlege køyrevegar, gangvegar, undergang og kollektivhaldeplassar i planområdet

skal vera dimensjonert som vist i planen og skal vera på plass før det vert gjeve igangsettingsløyve til bustadar i feltet.

2.3.18 Private vegar, fortau og parkeringsplassar skal byggjast ferdig før det vert gjeve igangsettingsløyve til bustadar i feltet som ligg ved eller i tilknytning til den private vegen. Utbygging av infrastruktur og veglys skal skje i takt med utbygging av feltet.

2.3.19 Det skal etablerast fartsdumpar i alle kryss mot V3 i planområdet før igangsettingsløyve kan gjevast til bustadar som nyttar vegen.

2.3.20 Interne gangvegar/fortau må vera på plass samstundes med køyrevogane for bilar til dei ulike bustadområda i feltet.


Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplanen § 4.1 med slik grunngeving:

I reguleringsbestemmelsene under § 4.1 står det at offentlige kjøreveger, gangveger, fortau, undergang og bussholdeplasser skal være dimensjonert som vist i planen og skal være på plass før det blir gitt igangsettelsestillatelseter til boliger i feltet. Denne søknaden gjelder derfor dispensasjon for to boenheter til å få bruke allerede eksisterende infrastruktur/veg frem til ny infrastruktur/veg er opparbeidet i samsvar med nåværende reguleringsplan for Austmarka Øvre.

Etter vår oppfatning bør det være åpning for en dispensasjon i dette tilfellet, da eiendommen vil benytte seg av samme infrastruktur/veg som de allerede bebygde naboeiendommene benytter seg av.

Kart



Bilete frå synfaring 12.05.15



Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Austmarka øvre plankart
Austmarka øvre føresegner
Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - søknad om dispensasjon

Kopi til:

Ing. Taule as

Kvassnesvn 33

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Mottakarar:

Statens Vegvesen, Region Vest